

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 06.12.2017
FRÅ: Administrerande direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Nina Carstens, fagsjef

SAKA GJELD: **Administrerande direktør si orientering – pkt 5**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **052/17**

STYREMØTE: **13.12.2017**

Miljøsertifisering – ytre miljø for SAV

Ytre Miljø, resertifiseringsrevisjon etter ISO 14001 – 15, vart utført i SAV 26 – 29. september der Sjukehusapoteka i Stavanger og Bergen i tillegg til Føretaksadministrasjonen var einingane som vart reviderte.

Det vart ikkje funne avvik, men ein fekk tilsaman 6 merknader/observasjonar:

- Manglande Risikovurdering: ein hadde ikkje risikovurdert ytre miljø i samband med ombygging ved produksjonsavdelinga Sjukehusapoteket i Stavanger og rom der ein midlertidig lagrar cytostatika avfall før henting av portørar.
- Oppbevaring av kjemikalier: organisasjonen ikkje hadde tilstrekkeleg kontroll på oppbevaring av kjemikalier då det ved Sjukehusapoteket i Bergen var uorden i kjemikalieskapet og risiko for kontakt mellom inkompatible væsker som syrer og baser. I tillegg sto noko etanol utsatt for mogelegheit for å velta.
- Handsaming av kjemikaliesøl: ein hadde ikkje dokumenta for krav til kjemikaliesøl tilgjengeleg.
- Sikkerhetsdatablad; ingen dokumentasjon på at ein hadde årleg gjennomgang av sikkerhetsdatablad. Nokre blad var forelda.
- Interessepartar: relevante krav og forventingar frå nokre av interessepartane var ikkje definert og risiko – mogelegheitsvurdert, t.d. forventningar frå oppdragsdokument frå eigarane.
- Samsvarsevaluering: i dokumentet frå samsvarsevalueringa, som vart utført våren 2017, framkom det ikkje tydeleg nok om føretaket var i samsvar med aktuelle krav i lover og forskrifter der ein har beslutta forpliktelse for samsvar.

Merknadene er av ein slik karakter at lukking kan gjerast før frist: 26 desember 2017
Revisjon i 2018 vil være i SIH, SIF og FAD